

Innspel til lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa

Noregs Mållag har eitt hovudkrav: læringsressursar som er utvikla til bruk i skulen må kome på bokmål og nynorsk til same tid og til same pris.

Det vert teke grep for å sikre nynorskelevane gjennom språkdelt ungdomsskule og nynorskkrav til skriveprogram, men det står ei utviding av parallellkravet igjen.

Språkrettane i opplæringslova er avgjerande for situasjonen og statusen til nynorsk. Om nynorskelevane opplever språket deira som eit andrerangsspråk i skulen, går det mot språkpolitikken i Noreg, og rokkar ved stoda for det nynorske språket. Difor er språkrettane og språkpolitikken som opplæringslova slår fast, avgjerande.

§ 15-3 Krav til rettskriving og krav til skriftspråk i læremiddel

Forslag: § 15-3 tredje ledd skal lyde:

Skolen skal bruke læremiddel, og læringsressursar som er utvikla til bruk i opplæringa som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Kravet gjeld ikkje

a. læremiddel i faget norsk

b. læremiddel i fag med årskull med 300 eller færre elevar

c. læremiddel der den norske teksten utgjør ein mindre del

Ein læremiddelparagraf som berre er ei vidareføring av paragrafen frå 2010, vil i realiteten svekkje retten nynorskelevar har til opplæring på sitt eige språk.

Eit parallellitetskrav til læringsressursar som er utvikla til bruk i skulen, er eit krav som kan løyse nokre av utfordringane. Det opnar for at lærarar framleis kan ta med seg andre ressursar og verktøy inn i klasserommet uavhengig av språk, det lar læremiddeldefinisjonen stå som han gjer, og det sikrar nynorskelevane litt meir av opplæringa på nynorsk. Noregs Mållag rår til at komiteen vedtek denne endringa.

Departementet definerer i *Høringsnotat - Forslag til ny opplæringslov og endringer i friskoleloven* i kapittel 12.6.1 lagt ut 26.08.2021, læringsressursar som:

Læringsressurser har faglig innhold, med mindre omfang og i avgrensede emner og temaer. Departementet skiller dessuten mellom ressurser generelt som kan brukes i opplæringa (for eksempel avisartikler eller leksika og kilder på internett), og læringsressurser som er utviklet for bruk i opplæringa.

Andre innspel

Generell merknad til opplæringslova

Medlemmene i komiteen frå [parti] meiner opplæringslova er viktig for språkpolitikken i Noreg. I føremålet til språklova går det fram at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk, som det minst brukte av dei to norske offisielle skriftspråka. Dette omsynet til nynorsk som mindretalsspråk må vere med i skulen. Det er i skulen nynorskbrukarar kjem til og fell frå. Desse medlemmene meiner arbeidet med tilhøyrande forskrift til opplæringslova må ta slikt omsyn all den tid der er eit ujamnt tilhøve mellom bokmål og nynorsk, særleg i skulen, og politikktutforminga må bidra til å jamne ut dette.

§ 15-3 Krav til rettskriving og krav til skriftspråk i læremiddel, merknad

I dag er det produsentane som rapporterer om læremiddelet er på nynorsk og bokmål. Slik får ein ei sjølvrapporteringsliste, men ho manglar mykje og er heller ikkje alltid rett. Skulane må difor sjølv undersøkje kva læremiddel og læringsressursar som er på nynorsk. Dette er ei utfordrande og tidkrevjande oppgåve som i stor grad berre fell på skular og kommunar med nynorsk som opplæringspråk.

Framlegg til merknad:

Medlemmene i komiteen frå [parti] ber om at Utdanningsdirektoratet får i oppgåve å utarbeide oppdaterte lister med læremiddel og læringsressursar som er utvikla til bruk i skulen, som følgjer parallellitetskravet i opplæringslova.

§ 15-2 Hovudmål på kvar skole, første ledd

I vidaregåande skule vel eleven sjølv hovudmål og har ikkje rett på språkdelte grupper. Såleis vil dei fleste vgs-klasseromma i randsonene ha elevar med begge hovudmåla. I eit slikt opplæringsmiljø er det svært uheldig om skulen har eit vedtak om bokmål som hovudmål. Nynorskelevar bør ikkje måtte gjennomføre treårig vidaregåande skule utan å sjå hovudmålet sitt i ein einaste skuletime. Det vil vere er svært uheldig for språkkjensla og -utviklinga deira. Lovproposisjonen drøftar ikkje potensielle konsekvensar for nynorsk som det minst brukte språket, og vi vil sterkt frårå å la dette gjelde også dei vidaregåande skulane utan at det blir utgreidd først.

Forslag: § 15-2 første ledd første punktum skal lyde:

Kommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, anten bokmål eller nynorsk.

§ 15-2 Hovudmål på kvar skole, andre ledd

Framlegg til merknad:

... meiner at kva språk ein skule i ei bygd eller ein by skal lære dei komande generasjonane, er ei sak som påverkar heile lokalsamfunnet over tid, og som difor vedkjem heile lokalsamfunnet. Hovudmålet ved skulen er like viktig for 18-åringen / neste generasjons foreldre som drøymmer om å etablere seg på heimstaden, som for dei som har born på skulen det året det tilfeldigvis er røysting om skulemålet. Heile lokalsamfunnet rundt skulen har interesse i saka. Difor må det vere ålmenn røysterett.

Framlegg til merknad:

... meiner at i tråd med føremålet i språklova om det offentlege sitt særlege ansvar for å fremje nynorsk, at det ikkje kan vere høve til å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål, dersom det er fleirtal for nynorsk i røystinga. Det bør uansett vere to tredjedels fleirtal i kommunestyret for å endre hovudmålet ved skulen.

Forslag: § 15-2 andre ledd skal lyde:

I samband med skifte av hovudmål på ein grunnskole eller når fleirtal i kommunestyret eller minst ¼ av dei røysteføre i kommunen krev det, skal det haldast rådgivande røysting. Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det har gått fem år. Røysterett har alle som bur i det området i kommunen som soknar til skolen, jf. § 8-1, og som har røysterett etter valgloven § 2-2. Røysterett i høve til skriftleg opplæring har dessutan foreldre eller forsyttar til barn på barnesteget ved skolen, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

§ 3-1 Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen, andre ledd andre punktum

Departementet skriv at det er naturleg at læremidla til eleven skal stø opp om hovudmålet, og legg til grunn at foreldre ikkje vel læremiddel på bokmål når eleven har nynorsk som hovudmål på 1. til 7. trinn. Situasjonen er dessverre sånn at foreldre ofte tek dette valet i område der bokmål møter nynorsk. Difor må lova tale klart, og først frå 8. trinn gje valet mellom nynorsk og bokmål. Om eleven er del av ei særskilt gruppe som får opplæring på det andre skriftspråket, skal eleven ha læremiddel som følgjer det skriftspråket.

Forslag: § 3-1 andre ledd andre punktum skal lyde:

Elevane skal ha læremiddel på hovudmålet for skulen eller hovudmålet for den særskilde gruppa eleven er del av.

§ 29-2 Statleg tilsyn

Framlegg til merknad:

... meiner retten til ei fullgod opplæring på eige hovudmål er ein grunnleggjande rett i norsk skule. Denne retten har det i liten grad vorte ført tilsyn med. Komiteen legg til grunn at tilsyn som gjeld språklege rettar, får større plass i dei tilsyna statsforvaltarane gjennomfører i åra som kjem.

§ 17-3 Krav om kompetanse for å bli tilsett i lærarstilling

Lesing og skrivning blir i læreplanverket definerte som grunnleggjande ferdigheiter som skal øvast opp i alle fag. Dimed er nynorskkompetanse ein relevant fagleg og pedagogisk kompetanse alle lærarar må ha. Ei forskrift med nærare krav til kompetanse må eksplisitt nemne dette, slik at lærarane har kompetanse til å drive opplæring i og på nynorsk. I dag er låg nynorskkompetanse blant lærarar eit stort trugsmål mot nynorsken i skulen og ein av grunnane til språkskifte særleg i randsonene.

Framlegg til merknad:

... peikar på at låg nynorskkompetanse blant lærarar eit stort trugsmål mot nynorsken i skulen. Difor er det viktig at forskriftene om lærarkompetanse nemner kor viktig det er at alle lærarar på 1. til 10. trinn har god undervisningskompetanse både i nynorsk og bokmål.